

Marit Eide
Hasselstien 2B
5067 BERGEN

Bergen: 28.10.2018

NVE
Konsesjonsavdelinga
v\Bård Andreas Selstad Ottesen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale til BioFish AS sin søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad (saksnnummer 201834546)

I løpet av dei åra det har vore setjefiskanlegg i Ljonesvågen har det vore problem med å halda seg innanfor dei reguleringsgrensene som er satt i konsesjonen, noko som har ført til både ras og store utvaskingar i Eidesvatnet. Med tanke på dette ser eg ingen god grunn til at BioFish AS skal få varig konsesjon på uttak av vatn frå Eidesvatnet. Her bør dei visa over tid at dei klarar å halda seg innanfor grensene som er satt. Ser helst at det her blir gitt ein tidsavgrensa konsesjon.

Heile livet har eg brukt Eidesvatnet til rekreasjon og har dermed sett utviklinga setjefiskanlegget har hatt på vatnet.

I punkt 3.5 i søknaden står det: *«Magasinet i Eidesvatnet har vært benyttet i en årrekke, og strandsonene er godt etablerte uten fare for nye ras eller videre erosjon.»*

Denne informasjonen stemmer ikkje og det er årleg utvasking av sand frå stendene i vatnet som er forårsaka av låg vasstand.

29. juli 2018 skulle eg ha meg eit bad i vatnet og vart forferda over kor lågt vatnet var og kor det vaska ut sanden, denne dagen målte grunneigar, Britt Eide, høgda på vatnet og såg at det framleis var ca. 23cm til LRV. Så før det blir gitt ny konsesjon her bør det sjåast på dei reguleringsgrensene som er og justera desse til eit nivå som vatnet og strendene faktisk toler.

Eg har eit stort ynskje om å kunna nytta strendene i Eidesvatnet i åra som kjem også, utan å måtta bekymra meg over enda meir utvasking eller frykta nye ras.

Venleg helsing
Marit Eide